




VISJONEN VÅR:

*Forsvarleg utvikling gjennom effektivt tilsyn,
sikker kontroll og god service.*



«Interiør med blå krukke»



Innhold

Første året med to tilsyn	4
Nybrottsarbeid med knappe ressursar	6
Starten på tre år med kampanjar	8
Fleire ringte Hjelpelinja om poker i 2005	9
Kontroll i eige trekningsstudio	10
Usikker marknad gir stor pågang	12
Snittalder på 41 år	14
Moms – ei ny oppgåve	15
Pengespel på internett vart dobla i 2005	16
Regulerte pengespel stabiliserte seg	18
Vår nye organisering	21
Rekneskapen for 2005	22
100 år med folkekjær kunstnar	24

Framsdebilete:
«Marsmorgen»

Første året med to tilsyn

Vi har lagt bak oss det første året med to tilsyn under same tak i Førde. Lotteri- og stiftelsestilsynet var ein realitet frå januar 2005, og bygginga av eit nytt stiftelsesregister kom godt i gang i løpet av året.


Heilt frå starten måtte avdelinga for stiftelsar jobbe med tronge rammer. På bakgrunn av ressursituasjonen har vi klart å jobbe det nye tilsynet opp på eit bra nivå. Men Stiftelsestilsynet skal byggjast vidare opp gjennom heile 2006.

Vi er klar over at det ventar eit stort løft når om lag 9 000 stiftelsar, dei fleste ålmennyttige, skal inn i det nye registeret. Eg vil likevel understreke at kontakten med stiftelsane så langt har vore positiv, og eg føler at det nye tilsynet er godt motteke.

På pengespelsida har Lotteritilsynet fått merke utsetjingane av det vedtekne automatmonopolet. Sjølv om saka er avklart politisk, så frys rettsystemet marknaden på same høge nivået. Det skjer samstundes som pokerbølgja på Internet byrjar setje spor etter seg. Vi ventar at den kraftige ukontrollerte auken vi ser på nettet vil få konsekvensar også når det gjeld problematisk speleåtferd og speleavhengigheit.



Direktør Atle Hamar i Lotteri- og stiftelsestilsynet.



Signalane er tydelege: Alt i 2005 var poker det pengespelet som førte til at nest flest personar tok kontakt med Hjelpelinja for speleavhengige.

Når det gjeld pengespel må vi ta omsyn til både dei sosialpolitiske konsekvensane av auken i pengespel her i landet, samstundes som vi skal regulere og kontrollere marknaden slik at mest mogleg av overskotet går til gode føremål. I så måte er det meiningfylt å jobbe med aktørar som heile tida har ålmennyttinge føremål for auget. På den måten kom det i 2004 5,4 milliardar kroner til gode føremål her i landet!

Frå starten av fjoråret omorganiserte vi oss i fem avdelingar. Som ei følgje av dette er no kontrollseksjonen samla i Avdeling for statlege spel. Eg føler vi no har ein organisasjon som er tilpassa jobben vi skal gjere både når det gjeld pengespel og stiftelsar. Nemnast her bør jobben som vår administrasjonsavdeling gjorde med å betale ut 177 millionar kroner i momskompensasjon til frivillige organisasjonar i 2005. Den nye bingoforskrifta som kom på plass er eit anna døme.

Organisatorisk kom også arbeidet med speleavhengigheit inn i fastare former gjennom den nye avdelinga for informasjon og spelåttferd. Målet vårt er at Lotteri- og stiftelsestilsynet skal bidra med kunnskap på området.

På tampen av året vedtok Stortinget endringar i lotterilova som vil gjere det lettare å stoppe ulovlege pyramidar. Dette er svært positivt sett frå vår synsstad, sjølv om pyramide-bølgja no i stor grad er avløyst av ein pokerfar-sott. I det heile påførte ulovlege lotteri og fjernspel oss mykje arbeid i 2005, men vi har halde fokus på ulovleg marknadsføring av pengespel som er ein del av pokerbølgja og fjernspe-linga.

På kontrollsida fungerer det godt både i høve Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Vi har kontrollsystem som opererer både dag og natt, og vi føler vi er ein garantist for at spelaren sine interesser og tryggleik er ivareteken.

Atle Hamar
Direktør



Nybrottsarbeid med knappe ressursar

Arbeidet med å byggje opp eit nytt Stiftelsesregisteret er godt i gang. Men det første arbeidsåret i det nye Stiftelsestilsynet vart stritt med knappe mannskapsressursar, noko som gjekk ut over tilsynsdelen. Ute i stiftelsane møtte vi likevel stor forståing for den situasjonen vi var i.

Stiftelsestilsynet var i gang frå 1. januar 2005 med ein tilsett. Tilsynet skal erstatte forvaltning av stiftelsar ved 19 fylkesmannskontor. 1. februar byrja Finn Sørhus som avdelingsdirektør, og i løpet av året vart tilsynet bygt opp slik at det var sju tilsette ved årsskiftet. Alt frå starten strøymde det på med førespurnader på telefon og e-post. Frå februar kom det også så mange saker at sakshandsamingstida på det meste var oppe i sju månader.

Men takka vere god innsats i avdelinga kom sakshandsamingstida etter kvart ned mot målet på to månader. Og det mellombelse nasjonale stiftelsesregisteret kom etter kvart i drift. Ved utgangen av 2005 var 765 av landets vel 9 000 stiftelsar registrerte. Målet er å få alle på plass innan utgangen av 2006. Det seier seg sjølv at denne ambisiøse målsetjinga vil krevje ein dugnadsinnsats internt i Lotteri- og stiftelsestilsynet.

På grunn av ressursituasjonen måtte utadretta verksemd nedprioriterast i 2005. Dermed fekk ikkje Stiftelsestilsynet markert seg så sterkt som ønskjeleg i tilsynssaker det første året, men dette vil betre seg i 2006. Likevel var vi alt første året inne i nokre tunge tilsynssaker. Nemnast kan her saker som følgde av museumsreforma og endringane i friskoleloven som gav oss ein del fisjonssaker.

Stiftelsestilsynet har lagt ein alen til sin vekst reint fagleg i løpet av det første driftsåret. Vi har eit godt tverrfagleg miljø med kompetanse på jus, økonomi og samfunnskunnskap. Siktemålet er at tilsynet skal ha truverde og høg legitimitet i høve stiftelsane. I så måte har det vore nyttig å dra vekslar på seniorrådgiver Henning Brath i Justisdepartementet og underdirektør Eldbjørg Kluffen hos Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Begge har tilført oss mykje kunnskap frå arbeidet med den gamle stiftelseslova og dei endringane som den nye lova fører til.


For å kunne nå våre mål i høve stiftelsane, må vi også kunne møte desse på like fot, og dette er ei fagleg utfordring fordi vi



ofte står overfor stiftelsar som har til rådvelde skarpskodde juristar. Vi løyser dette ved å jobbe som eit team i avdelinga. Målet er at vi som tilsyn etter kvart skal vere synlege, tydelege og gode. Vi føler at vi er komne godt i gang, og yter god service overfor kundane.

Styresmaktene ønskjer å føre meir kapital inn i ålmennyttige føremål via stiftelsar i framtida. Stiftelsestilsynet har som mål å vere ein garantist for at pengane blir brukt til samfunnets beste. Då er det ein føresetnad at tilsynet synleg på ein positiv måte, slik at både gjevarar og ålmenta kan vera sikre på at midlar i stiftelsar blir forvalta rett.

For oss som nytt tilsyn er det ei utfordring at vi er knytte til to



Avdeling for stiftelsar. Frå venstre: Rådgjevar Eirik Rostad Ness, seniorkonsulent Hege K. Sørbotten, rådgjevar Ingrid Aanderud, førstekonsulent Jørn-Lasse Førde Refsnes, seniorrådgjevar Tom S. B. Plünnecke, rådgjevar Øystein Fosstvedt og avdelingsdirektør Finn Sørhus .

Sterk tilsyns- kompetanse

Lotteri- og stiftelsestilsynet utgjør saman ein sterk kompetanse på tilsynssida her i landet. Det sa dåverande statssekretær Trond Prytz då han 11. mars i fjor offisielt opna det nye Stiftelsestilsynet.

Politisk rådgjevar Gjermund Løyning i Kultur- og kyrkjedepartementet la under opninga vekt på at mange av stiftelsane spring ut frå det frivillige Noreg. Dette gjorde det naturleg å etablere det nye tilsynet i eit administrativt og fysisk fellesskap med Lotteritilsynet som mellom anna har som oppgåve å sikre lotteriinntekter til frivillige lag og organisasjonar.

Sjølv med avgrensa ressursar til rådvelde, satsa det nye tilsynet raskt på å etablere kontakt med marknaden dei skal stå til teneste for. Difor vart i alt 4 000 av landets ca 9 000 stiftelsar inviterte til konferanse i Førde i mai. 130 av dei stilte på konferansen, og mange av dei sa seg svært nøgde med tiltaket. Informasjonen her gjekk begge vegar, og Stiftelsestilsynet fekk mange gode råd med vidare på vegen mot full drift.

Leiaren i Stiftelsesforeningen, Kaci Kullmann Five, gav på konferansen uttrykk for at ho såg det som udelt positivt å få eit heilskapleg myndigheit-sorgan som tek over for den gamle forvaltninga som var basert på 19 fylkesmannskontor.

departement. Økonomisk sorterer vi under Kyrkje- og kulturdepartementet, medan vi fagleg er underlagt Justisdepartementet. På sikt skal Stiftelsestilsynet i hovudsak bli sjølvfinansierande ved dei gebyra og avgiftene vi kan krevje frå stiftelsane for at dei skal vera registrerte i Stiftelsesregisteret.

Arbeidet med å byggje ut eit landsdekkjande register for rundt 9 000 stiftelsar blir eit kjempeløft. Registeret skal samkøyrast med Brønnøysundregistra og Lotteri- og stiftelsestilsynets eigne sakshandsamingsverktøy. Tilbakemeldingane frå Brønnøysund er gode, og vi reknar med at det nye registeret er oppe og går permanent i løpet av 2006. Stiftelsesregisteret vil bli eit søkbart register der ålmenta, forskarar, media og andre kan hente ut nøkkelinformasjon om stiftelsane her i landet.

Starten på tre år med kampanjar

Arbeid med problematisk speleåtfærd vart ytterlegare styrkt i 2005. Mellom anna starta Avdeling for informasjon og speleåtfærd med nye halvårlege granskningar av marknaden i samarbeid med Opinion. Resultatet vil fortelje oss meir om speleåtfærd ute blant folk flest.

Kunnskapen om marknaden for pengespel blir viktig i åra framover. Kompetansehevinga kjem til nytte både når vi skal vurdere endringar i pengespelmarknaden med tanke på speleåtfærd, og når vi saman med Avdeling for statlege spel skal vurdere marknadsføring av statlege pengespel.

Arbeidet med å følgje opp «Regjeringens handlingsplan mot pengespillproblemer» kom i gang hausten 2005. Avdeling for informasjon og speleåtfærd spelte ei sentral rolle i førearbeidet til planen, og vil også ha ansvaret for arbeidet med å setje delar av handlingsplanen ut i livet.

Seinhaustes starta arbeidet med å finne ein samarbeidspartner som skal vere med på utforming og gjennomføring

av til saman fire kampanjar frå 2006 til 2008. Kampanjane skal i første rekkje førebyggje pengespelproblem i utsette grupper. Etter planen skal den første kampanjen, som blir retta mot ungdom, gjennomførast våren og sommaren 2006.

Forutan kartlegging av speleåtfærd, står Avdeling for informasjon og speleåtfærd ansvarleg for å lage dei årlege statistikkane om norske pengespel. Dette er eit tidkrevjande arbeid som er viktig i vurderinga av utviklinga på pengespelmarknaden her i landet. Avdelinga står også sentralt i arbeidet med å utarbeide både nordiske og europeiske statistikkar over pengespel. Dette er eit utfordrande arbeid sidan rapporteringa av aktiviteten varierer sterkt frå land til land.


Avdelinga har også ansvar for å delta på, og rapportere frå, sentrale internasjonale konferansar om pengespel eller speleåtfærd. I ei tid der spelemonopolet er under press, og der pengespel på Internett aukar, er det viktig å vere oppdatert på det som skjer internasjonalt.

Ein god del av pågangen frå media blir handtert av Avdeling for informasjon og speleåtfærd. Dette arbeidet går gjerne i bølger. I 2005 var det særleg pengespel på nett, med særleg fokus på poker, som førte til pågang frå medier. Vi prøver også å vere synlege i mediebialetet ved behov, til dømes ved å delta aktivt i debatten kring pengespel.

Seinhaustes 2005 laga vi vår første kommunikasjonsstrategi som er klar til bruk tidleg i 2006. Dette var nødvendig mellom anna fordi vi no er to tilsyn under same tak. Dette medfører sjølvsagt meir arbeid, og behovet for å tenkje meir strategisk aukar. Større bruk av nettsida vår til nyhende og annan informasjon vil bli ein av dei positive effektane av den nye kommunikasjonsstrategien. I samband med utvidinga til to tilsyn, vart også heimesida vår omarbeidd slik at alle ansvarsområde no framstår på ein meir oversiktleg måte.

Avdeling for informasjon og speleåtfærd. Framme frå venstre: Rådgjevar Jonny Engebø, rådgjevar Steinar Hatlestad, informasjonssjef Rune Timberlid, underdirektør Anniken Støylen og rådgjevar Guri S. Rekve.





Fleire ringte Hjelpelinja om poker i 2005

Samtaletrafikken på Hjelpelinja for speleavhengige held seg stabil og høg. Systematisert informasjon frå samtalanene bidreg til at vi får meir kunnskap om speleproblem i landet.

Lotteri- og stiftelsestilsynet samarbeider med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om hjelpetelefonen. Den daglege drifta av telefonen er lagt til sjukehuset og «Avdeling for rusrelatert psykiatri og avhengighet». Opningstida er frå 09.00 til 21.00 sju dagar i veka.

Hjelpelinja mottok 2 360 samtalar i 2005. 2 133 av desse handla om spelarar. I snitt mottok Hjelpelinja nær 200 samtalar i månaden.

Gjennom 2005 har Lotteri- og stiftelsestilsynet ved fleire høve rapportert frå Hjelpelinja, spesielt om utviklinga rundt poker. Pokerspel vart totalt tema i 183 samtalar i 2005. Til samanlikning var pokerspel tema i 34 samtalar i 2004.

Blant førstegongs innringarar¹ har 96 personar sagt at poker er det einaste eller det mest problematiske spelet, og dette utgjør 6,3 pst. Tilsvarende tal i 2004 var 11 eller 0,7 pst.

Sjølv om talet på pokerspelarar til Hjelpelinja har mange-dobla seg gjennom 2005 er det likevel speleautomatane som er årsaka til speleproblem hos dei fleste. I 2005 var automatar tema i 1 700 samtalar mot 1 844 i 2004.

Blant førstegongs innringarar har 1 256 personar eller 82 pst sagt at automatar er det einaste eller det mest problematiske spelet. Tilsvarende tal i 2004 var 1 355 eller 87 pst.

I stadig fleire samtalar kjem det elles fram at spelaren har problem med spel som vert spelt på Internett. Blant førstegongs innringarar oppgav 18 pst i 2005 at dei alltid eller av og til spelte på Internett. Tilsvarende tal for 2004 var 10 pst².

Blant dei som alltid spelar problemspelet på Internett er det flest som nemner poker (77), men det er ein del av inn-

ringarane som nemner spel utan pengar (37). For dei som av og til spelar problemspelet på Internett er det automatliknande kasinospel som oftast vert nemnt (86).

Samtalanene ved Hjelpelinja handlar oftast om menn, 78 pst blant alle førstegongs innringarar. 5 pst er under 18 år og 19 pst er under 25 år. Gjennomsnittsalderen er 36 år.

I 62 pst av samtalanene til Hjelpelinja er det spelarane sjølve som ringer inn. I 34 pst er det pårørende eller vener som ringer.

¹) N=1 535 i 2005 og N=1 552 i 2004

²) Desse prosentane er minimumsanslag fordi det ikkje alltid er tema i samtalanene kvar ein spelar.



Kontroll i eige trekningsstudio


Tidleg i november gjennomførte Lotteritilsynet sin første kontroll av Norsk Tipping sine spel frå nytt trekningsstudio på Hamar. Inntil då skjedde trekningane og kontrollen i Norsk Tipping sine lokale. No ligg det nye studioet i sentrum av byen.

Alle trekningar av Norsk Tipping sine pengespel skjer no elektronisk, med unntak av trekninga av Viking Lotto onsdag og Lotto laurdag, der dei velkjende kulene framleis blir brukte så lenge Norsk Tipping ønskjer det.

Arbeidet ved Avdeling for statlege spel vart sjølvsagt påverka av det som har skjedd med det vedtekne automatmonopolet. Utsetjingane på grunn av prosessane i rettsapparatet bidrog til at arbeidet ved vår avdeling på Hamar vart travelt. Med i biletet her høyrer innføringa av Norsk



Avdeling for statlege spel. Frå venstre: Konsulent Sindre Hauglum, seksjonsleiar Jan Petter Sæbø, konsulent Vegard Ramstad, førstekonsulent Marie Nordanger, rådgjevar Kåre Eide, avdelingsdirektør Jan Støfring og førstekonsulent Einar Atle Årdalsbakke. Konsulent Torstein Jensson var ikkje til stades då biletet vart teke.



Tipping sitt nye spelekort. No skal premiane raskare inn på spelarane sine konti, og det fekk også konsekvensar for Lotteritilsynet sitt kontrollarbeid.

Som eit resultat av innføringa av det nye spelekortet er vi no tilbake i ein situasjon der vi arbeider turnus kvar kveld. Etter den nye turnusen må vi ha folk i arbeid fram til klokka 23.30 kvar kveld på Hamar. Dette har vi berre fått til takka vere velvilje frå våre tilsette i Seksjon Hamar som har stilt opp når det er behov for det.

Ved seksjon Hamar var det i fjor fem konsulentar i tillegg til seksjonsleiaren. Alle Norsk Tipping sine spel skal kontrollere før premiar blir utbetalte, og i 2005 vart det utført neste 3 200 kontrollar.

Arbeidet med å førebu Norsk Tipping sine nye Multix-automatar har langt frå vore bortkasta. I samarbeid med Norsk Tipping har vi opparbeidd oss god kunnskap om avansert online-kontroll av automatar. Dette er kunnskap som sjølv sagt ikkje er tapt, og kan nyttast ved framtidige tekniske løysingar som blir valde i automatmarknaden.

Revisjonskontrollen av Norsk Rikstoto var ukomplisert i 2005. Kontrollen fungerer svært bra, mellom anna ved at Lotteritilsynet kan jobbe uavhengig av produsenten ved at vi både eig og driftar utstyret sjølve. Vi kjenner oss trygge på at kvaliteten på premieutbetaling og kontroll er så god at Norsk Rikstoto kan betale ut rekordgevinstar basert på kontroll i etterkant.

Kontrollseksjonen i Førde hadde i 2005 fem inspektørar, ein jurist forutan seksjonsleiaren. I løpet av året vart 5 720 gevinstautomatar kontrollerte ute i felten, og det vart gjennomført 578 kontrollar av aldersgrensa på 18 år. Bingoarrangørar hadde 112 kontrollar og tilsyn.

I alt vart det i løpet av fjoråret gitt 413 pålegg om retting eller stenging for brot på lotterilova. Heile 204 av desse gjaldt brot på forskrift om bingo, og det vart gitt pålegg om stenging av fem bingoar. 97 av sakene gjaldt brot på oppstillingsløyve for gevinst- eller underhaldningsautomatar. 36 pålegg vart delte ut for brot på 18-årsgrensa. 20 automatar som mangla løyve eller typegodkjenning vart kravt stengde i 2005.



Avdeling for statlege spel (Seksjon Hamar). Framme frå venstre: Konsulent Wenche Aaslund og konsulent Eva Andreassen. Bak frå venstre: Konsulent Unni Bekkevold, konsulent Tone Sterud, konsulent Marit Hval og seksjonsleiari Kaare Sveen.

Flest pålegg vart gitt i Vestfold med 66. I Agder vart det delt ut 51 pålegg, og i Telemark 46. Fleire politidistrikt var nede i null pålegg i fjor.

Internasjonale verv

Direktør Atle Hamar vart i 2005 vald til ny visepresident i organisasjonen IAGR som står for International Association of Gaming. IAGR er såleis ein verdensspennande organisasjon for

regulatoriske styresmakter på lotteri og pengespel.

Atle Hamar fekk vervet under ein kongress i Vancouver i Canada i september, og han vart vald i vervet for eitt år.

Også i styret i GREF er Lotteri- og stiftelsestilsynet representert. Underdirektør Anniken Støylen i Avdeling for info og speleåtfærd er sekretær i styret i Gaming Regulators European Forum.

Usikker marknad gir stor pågang

Den usikre framtida på automatmarknaden prega heile 2005 i Avdeling for private spel. Utsetjingane av den vedtekne automatreforma har ført til stor pågang frå lotteriverdige formål, entreprenørar, media og politikarar. Størst har pågangen med spørsmål vore frå formåla.

I desember vedtok Stortinget endringar i lotterilova som truleg gjer det lettare for Lotteri- og stiftelsestilsynet å stoppe ulovlege pyramidar. Pyramideproblematikken har roa seg ned etter at vi hadde ein topp med rundt 50 gråsoneselskap i 2004. Etter at bobla brast når det gjeld WGI og T5PC ser folk flest i større grad ut til å forstå at det ikkje er særleg lurt å satse pengar på pyramideliknande selskap.

I staden har vi hatt ein nesten eksplosiv vekst i pågangen frå personar som vil ha svar på kva som gjeld av lover og reglar for poker. Det gjeld særleg nettpoker som ser ut til å auke kraftig her i landet. Det er lite styresmaktene kan gjere for å kontrollere denne typen pengespel så lenge det er snakk om fjernspel. Men det er blitt jobba ganske mykje med å hindre ulovleg marknadsføring av pengespel som ikkje har løyve i Norge, gjennom pålegg om stans og melding til politiet.

I nokre saker har medier godteke bøter for ulovleg marknadsføring av pengespel. Den største bota så langt er på 100 000 kroner. Denne bota er ikkje vedteken, og det kan såleis ventast fleire domstolavgjerder når det gjeld marknadsføring av pengespel på nettet.


Når det gjeld tradisjonell poker så har Lotteri- og stiftelsestilsynet konsentrert seg om å stoppe ulovlege turneringar og klubbar. Beslag og straffereaksjon frå politiet er etter vår meining vegen å gå for å stoppe denne typen ulovlege lotteri. Her må vi planleggje vidare arbeid saman med politiet, men vi er usikre på kor mykje politiet ønskjer å prioritere dette.

Poker ser ut til å ha aksept som fritidssysse hjå folk flest, og styresmaktene har såleis eit pedagogisk problem når vi skal forklare kvifor poker er ulovleg ifølgje lotterilova og straffelova. Men det er eit faktum at i svært få andre land er poker lovleg utanom kasino. I dei fleste land er såleis poker strengt regulert.



Lotteri- og stiftelsestilsynet fryktar at pokerbølga kan utvikle ein svart økonomi og bli ein arena for kvitvasking av pengar.

Avdeling privat hadde saman med kontrollseksjonen hausten 2005 ein gjennomgang av rekneskap i bingobransjen.



Avdeling for private spel. Framme frå venstre: Rådgjevar Kjartan Møller, rådgjevar Tore Bell, avdelingsdirektør Elna Berge, seniorrådgjevar Bård Eikeset og rådgjevar Jan Eriksen. Bak frå venstre: Rådgjevar Monica Kjelsnes, førstekonsulent Svein A. Wiik, førstekonsulent Gunnar Ø. Falck, rådgjevar Johnny Gustavsen, rådgjevar Trude Felde, førstekonsulent Liv Røthe, rådgjevar Synnøve Pukallus og førstekonsulent Grethe Thue. Sekretær Elisabeth Krokene var ikkje til stades då biletet vart teke.

Det vart der påvist feil i over 80 prosent av rekneskapane. Dette førte til at 100 pålegg vart sende ut, og ein bingo vart kravd stengd – eit vedtak som er påklaga.

For andre året på rad er det også brukt mykje tid på rekneskap til lag og organisasjonar som har lotteriløyve. Som eit

resultat av dette vart lotteriløyvet til ca 250 lag og organisasjonar trekte tilbake fordi rekneskap ikkje vart innsendt. Ein del av dette er ei naturleg sanering i Lotteriregisteret, slik at det ved årsskiftet var i underkant av 5 000 lotteriverdige formål her i landet.

Snittalder på 41 år

Det vart tilsett nye personar i sju faste stillingar i 2005, fire menn og tre kvinner. Fire av stillingane er ved den nyoppretta Avdeling for stiftelsar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har ei klart målsetting om at det skal vere balanse mellom kvinner og menn i organisasjonen, og at det skal vere lik lønsutvikling for begge kjønn. Vi har i dag ei jamn kjønnsfordeling med omsyn til samla tal stillingar og årsverk. Der er likevel eit fleirtal av menn i leiarstillingar og rådgjevarstillingar. Noko av årsaka er at ved utlyste stillingar på høgere nivå den seinare tida, har vi hatt relativt få kvinnelege søkjarar.

Det har vore til saman 17 personar i mellombelse stillingar i året som gjekk, to av desse er lærlingar i kontor-faget og på it.

Arbeidet med momskompensasjon til frivillige organisasjonar er ei av årsakene til at det vart nytta engasjementstillingar i året som gjekk.

Overtidsbruken utgjorde om lag to årsverk i 2005, og tidsbruken på tenestereiser tilsvarte i overkant av 3 årsverk.

Gjennomsnittsalderen for dei fast tilsette er 41 år, og den er noko lågare for menn enn for kvinner.

Sjukefråværet var på 6,6 prosent tilsvarende om lag 4 årsverk. Dette er ein auke på 2,3 prosent i høve til året før. Det er innan legemeldt sjukefråvær vi har hatt ein auke. Nokre langtidssjukemeldingar har drege opp.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har avtale om inkluderande arbeidsliv. Dette gir dei tilsette ein utvida rett til bruk av eigenmeldingar. Bruken av eigenmeldingar har lege stabilt, og dei 144 meldingane vi hadde i 2006 tilsvarte 0,6 årsverk.

For å måle trivsel på arbeidsplassen nyttar vi humankapitalindeksen som metode. I 2005 vart det gjennomført to målingar som syner at vi har ein bra score, men at det heile tida vil vere nødvendig å ha fokus på tiltak for trivsel og arbeidsmiljø.





Avdeling for administrasjon og IT. Framme frå venstre og med klokka: Avdelingsdirektør Berit Hovland, sekretær Ann-Kristin Langedal, lærling IKT Bjørnar Eidem, seniorrydgjevar Per Johan Grue, seniorrydgjevar Stig Starheim, førstesekretær Berit Nedberge, førstekonsulent Mariann Flo, lærling kontor Linn Beate Kleiva, arkivleiar Toril Anita Espe, rådgjevar Jim-Arne Hansen, rådgjevar Håvard Skibenes, seniorkonsulent Anders Soleim og førstesekretær Anngunn Vartdal. I midten frå venstre: Førstesekretær Aina Helen Gamborg og konsulent Else Nes. Førstesekretær Sigrun Hauge og sekretær Britt Gundersen var ikkje til stades då biletet vart teke.

Moms – ei ny oppgåve

Arbeidet med å administrere momskompensasjonen til frivillige organisasjonar vart lagt til Avdeling for administrasjon og IT i Lotteri- og stiftelsestilsynet. 177 millionar kroner vart utbetalt i 2005.

Gjennom arbeidet med Lotteriregisteret, Stiftelsesregisteret og momskompensasjonen har Lotteri- og stiftelsestilsynet opparbeidd seg mykje kunnskap om det frivillige Noreg. Difor var vi nøgde med at vi fekk jobben med å fordele momskompensasjonen til frivillige organisasjonar. Oppdraget gir oss fleire varierte arbeidsoppgåver der vi kan bruke den kunnskapen vi alt har om det frivillige Noreg.

I 2005 medførte dette arbeidet i alt 500 saker som resulterte i eit momsutbetaling på 177 millionar kroner. Vi vil også få denne jobben det komande året, og venteleg også vidare framover. Dette kan vere naturleg ettersom Kultur- og kyrkjedepartementet, som er vår overordna, også er departementet for det frivillige Noreg.



Pengespel på Internett vart dobla i 2005

For 2005 estimerer Lotteri- og stiftelsestilsynet nordmenn si satsing på pengespel over Internett til om lag 4,7 milliardar kroner. I estimatet inngår spel både på dei norske og dei utanlandske nettstadene. For 2004 utgjorde det tilsvarande estimatet 2,4 milliardar.

Estimatet byggjer på informasjon om kor mange som spelar pengespel over Internett, kor ofte dei spelar og kor mykje dei spelar for. Til dette får Lotteri- og stiftelsestilsynet data gjennom kvartalsvise målingar som Opinion gjer for oss.

Kvar gong vert 1 000 personar (18 år og eldre) spurde, og totalt for 2005 har 5,9 prosent svart at dei har spelt pengespel på Internett det siste året. Tilsvarande tal i 2004 var 4,3 prosent.

For 2005 utgjer dette 207 000 personar som er 18 år og eldre. Feilmarginen er pluss / minus 26 000 personar. For 2004 estimerte vi talet på spelarar til 152 000.

Til slike berekningar er det knytt ein del usikkerheit, mellom anna fordi utvalet nettspelarar er forholdsvis lite og feilmarginar blir store. Feilmargar er nærare omtalt i fotnote 2.

Reell omsetning på dei norske nettstadene var i fjor nær 730 millionar. Resten av innsatsen vart sett på utanlandske nettstader, og i høve til vårt estimat utgjer dette rundt 4 milliardar kroner.

Lotteri- og stiftelsestilsynet vurderer estimatet til å vere nøkternt. Utrekninga er basert på fire kvartalsvise målingar der gjennomsnittet for desse er lagt til grunn. Endra speleåtferd gjennom året og utviklinga på omfanget blir difor ikkje fanga opp fullt ut ved årsskiftet.

Vi har heller ikkje kartlagt spel blant ungdom under 18 år.


I våre undersøkingar er talet på spelarar auka frå 2004. Det same har frekvensen for kor ofte ein spelar. Kor mykje ein satsar har stort sett vore uendra frå 2004.

Dei fleste spelar anten på norske eller på utanlandske nettstader. Det er sjeldnare både og. I 2005 oppgir 38 pst at dei berre har spelt på norske nettstader, og 48 pst at dei berre har spelt på utanlandske. 10 prosent oppgir å ha spelt både på norske og utanlandske nettstader.

Dei tre norske nettstadene er Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og tivoli.no¹. I følgje målingane spelte 44 pst av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 7 pst spelte hos Rikstoto. tivoli.no er ikkje nemnd i våre målingar.

Blant dei spurde er det tre utanlandske nettstader der meir enn 10 pst oppgir å ha spelt. Dette gjeld Expekt, Centerbet og Unibet der høvesvis 15 pst, 14 pst og 13 pst hevdar at dei har spelt det siste året.


I 2005 har Lotteri- og stiftelsestilsynet teke med eit nytt spørsmål for å kartleggje kva spel ein spelar på Internett.



Nærare kvar tredje oppgir å ha spelt talspel (t.d. Lotto) siste gongen ein var pålogga. Om lag kvar femte spelte anten sportsspel, poker eller andre oddsspel enn sport og hest.



I løpet av eit kvartal spelte 37 pst av nettspelarane 13 gonger eller meir på Internett. 19 pst spelte frå 6 til 12 gonger og 31 pst spelte frå ein til fem gonger. Totalt spelte nettspelarane 17,2 gonger i gjennomsnitt i kvartalet, noko som utgjer spel nærare kvar 5. dag. I 2004 var dette gjennomsnittet 12,5 gonger i kvartalet, eller speling nærare kvar 7. dag.

¹) tivoli.no fekk ikkje forlenga konsesjonen og opphøyrd frå 1. juli 2005.



8 pst satsa meir enn 500 kroner siste gongen dei spelte. 41 pst satsa mellom 100 og 500 kroner og 49 pst oppgav at dei spelte for mindre enn 100 kroner. Gjennomsnittleg innsats var 332 kroner. Tilsvarende innsats var 322 kroner i 2004. Feilmarginar er det gjort greie for i fotnote.²

Nettspelarar er i all hovudsak menn. I følgje våre målingar utgjer nettspelarane 11 pst av mennene, men berre 1 pst av kvinnene. Det er og store skilnader i høve til alder. I aldersgruppa 18-29 år oppgjev 12 pst at dei har spelt, og i aldersgruppa 30-44 år har 8 pst spelt. I dei eldre aldersgruppene er dette færre.



²) Andel nettspelarar 5,9 pst, feilmargin 0,7 pst (+/- 12 %).

Snittal for spel i kvartalet 17,2 gonger, feilmargin 3,5 gonger (+/- 20 %).

Snittal for innsats siste gongen 332 kroner, feilmargin 119 kroner (+/- 36 %).

Med konstant spelefrekvens og innsats utgjev feilmargin for talet på nettspelarar +/- 590 mill for samla nettspel.

Med konstant spelartal og innsats utgjev feilmargin for spelefrekvens +/- 970 mill for samla nettspel.

Med konstant spelartal og spelefrekvens utgjev feilmargin for innsats +/- 1 700 mill for samla nettspel.



Regulerte pengespel stabiliserte seg

I 2005 har omsetnaden på norske pengespel og lotteri samla sett endra seg relativt lite frå føregåande år. Førebelse tal frå Lotteri- og stiftelsestilsynet tyder på at det i fjor vart omsett for brutto om lag 41,7 milliardar kroner. I 2004 var omsetnaden på 40,8 milliardar¹.

Etter estimatet for 2005 vil kvar innbyggjar i gjennomsnitt ha satsa 9 000 kroner på pengespel. Når gevinstante er trekte frå, la nordmenn i fjor igjen 11,6 milliardar kroner på pengespel. Dette nettotalet utgjer 2 500 kroner per innbyggjar.

Innsats på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. For 2005 estimerer Lotteri- og stiftelsestilsynet at nordmenn spelte for om lag 4 milliardar på utanlandske nettstader.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har enno ikkje kartlagt kor mykje av spel- og lotterinntektene som gjekk til humanitære og samfunnsnyttige formål i 2005.

Frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har vi fullstendige tal. Norsk Tipping sin brutto omsetnad for egne spel er redusert gjennom 2005 (- 4 prosent). Omsetnaden vart 8,4 milliardar kroner i 2005. Norsk Rikstoto hadde ein auke på 6 prosent, og fekk ein omsetnad på nær 2,8 milliardar kroner. Vi har også endelege tal for Extra, tivoli.no og SMS.Jackpot.

Talspelet Extra reduserte bruttoomsetnaden med 5 prosent til 771 millionar kroner.

Internettspellet tivoli.no og SMS-lotteriet SMS.jackpot fekk ikkje fornya konsesjonane sine og opphøyrd frå 1. juli 2005. Gjennom 1. halvår 2005 omsette tivoli.no for 12,5 millionar kroner og SMS.jackpot for 1.1 million.

Tala for resten av den private marknaden er førebelse estimat. Lotteri- og stiftelsestilsynet har hatt kontakt med ei rekkje av dei sentrale aktørane og fått innrapportert nøkkeltal for ein del av omsetnaden. I tillegg er estimatet for bingo marknaden mellom anna gjort på bakgrunn av halv-

Spel- og lotterimarknaden 2005

	Millionar NOK		Millions EURO ²	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping (egne spel)	8 433	3 989	1 053	498
Rikstoto	2 781	959	347	120
Talspelet Extra	771	385	96	48
Automatar *	27 100	5 200	3 390	650
tivoli.no/SMS.jackpot ³	14	2	2	0,2
Lotteri (eksklusiv Flax) *	600	500	70	60
Bingo *	2 000	600	250	70
Totalt	41 700	11 600	5 210	1 450
Per innbyggjar ⁴ (avrunda) Per capita	9 000	2 500	1 100	300

*) Estimert omsetnad, i NOK runda av til næraste 100 million, og i EURO til næraste 10 million.


Tabellen viser brutto og netto omsetnad. Brutto omsetnad er samla innsatsbeløp⁵ frå spelarane. Netto omsetnad er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt. Nettoen blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør, lokalinnhavar eller kommisjonær).

¹) Årsstatistikken for 2004.


²) Noregs Bank, Årsgjennomsnitt av midtkursar 2005: 8,0073

³) Omsetnaden til tivoli.no er 12,5 mill brutto og 1,4 mill netto. For SMS.jackpot hhv. 1,1 mill og 0,5 mill.

⁴) SSB, ved 1. juli 2005: 4 621 299



Spel og lotteri – prosentvis del av omsetnaden, år 2005



årsrapportering frå bingoentreprenørane for 1. halvår 2005. Omsetninga på gevinstautomatar har i 2005 hatt ein langt mindre vekst enn tidlegare år. Vi har innhenta tal frå 25 entreprenørar som samla hadde 85 prosent av nettoomsetninga i estimatet. For resten av marknaden er det gjort ei framskrivning basert på tal frå 2004. 13. februar i 2006 var det registrert 15 667 løyve til gevinstautomatar i Lotteri-registeret.

Lotteri- og stiftelsestilsynet bereknar brutto omsetnad frå gevinstautomatane til 27,1 milliardar kroner⁵ i fjor. Dette er ein auke på vel 1 milliard kroner samanlikna med estimatet vårt for 2004. Samanlikna med 2004 utgjer auken 4 prosent. Dette er langt mindre enn tidlegare år. I 2004 auka omsetnaden frå 2003 med 14 prosent, og i 2003 med 48 prosent i høve til 2002. Sidan gevinstprosenten også har auka gjennom desse åra har nettoomsetninga, det spelarane

Utviklinga

	2004		2005		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping (eigne spel)	8 805	4 200	8 433	3 989	- 4 %	- 5 %
Rikstoto	2 623	902	2 781	959	6 %	6 %
Talspelet Extra	812	406	771	385	- 5 %	- 5 %
Automatar *	26 034	4 961	27 100	5 200	3-5 %	3-5 %
tivoli.no/SMS jackpot	24	4	14	2	- 44 %	- 52 %
Lotteri (eksklusiv Flax) *	566	481	600	500	stabil / liten auke	stabil
Bingo *	1 962	558	2 000	600	stabil	stabil
Totalt *	40 827	11 511	41 700	11 600	2 %	1 %

* Deler av omsetnaden er estimert og avrunda til næraste hundre million for år 2005.

⁵⁾ For automatar utgjer dette innbetalt innsatsbeløp, ikkje medrekna verdi av gjenspel der gevinst ikkje først er utbetalt.

⁶⁾ 73 pst av brutto omsetnad er innrapportert. Resten er estimert med gevinstprosent 80,9.

legg igjen på automatane, auka noko mindre. Automatane si nettoomsetning har også auka i 2005, med om lag 200 millionar kroner. Der vi estimerer omsetnaden, har vi lagt til grunn same auke (4,5 %) som for dei vi har innhenta tal frå ⁷.

For bingo og andre lotteri har Lotteri- og stiftelsestilsynet enno ikkje fått inn tilstrekkeleg talmateriale til å gi eit pre-sist oversyn for omsetnaden. Frå sentrale aktørar, og gjennom halvårsrekneskap har vi fått inn tal og synspunkt som vi brukar i framskriving av 2004-tal.

Bingo med og utan entreprenør hadde i 2004 ein samla omsetnad på nær 2 milliardar kroner, medrekna sidespel. Vi reknar med at omsetnaden totalt var den same i 2005. Det er i 2005 gitt færre løyver til foreiningsbingo, men vi reknar med at entreprenørbingoen truleg har hatt ein liten auke. For lokale/regionale lotteri og landslotteri reknar vi med at marknaden totalt har vore stabil eller hatt ein liten auke.

I 2005 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet gjennomført to nye målingar om speleåtfærd generelt i befolkninga.

Målingane vart gjort i juni og november 2005, og kvar gong vart om lag 1 000 personar, 15 år og eldre, spurt om deltaking i dei ulike spela. Resultata er enno ikkje ferdiganaly-

sert, men vi syner her svarfordelinga frå målingane for deltaking i dei ulike norske pengespela.



Diagrammet under til venstre viser andel som oppgir å ha delteke i ulike pengespel det siste året.⁹

Av spela til Norsk Tipping er Lotto det spelet som flest (rundt 60 pst) har spelt det siste året. Færrast har spelt på Tipping eller Oddsen. 12 % har svart at dei har spelt hos Rikstoto i begge målingane.

Blant private spel og lotteri er det flest (rundt 60 pst) som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri. Rundt 20 pst har svart at dei har spelt på automatar. I følgje målingane er 6 - 7 prosent av befolkninga bingospelarar.

Når automatane står for ein stor del av omsetnaden i den norske spelemarknaden og andelen automatspelarar er mindre enn for andre spel, kjem det tydeleg fram at automatspelarane både satsar og legg igjen langt meir på automatspel enn det som vert gjort på andre spel.


Diagrammet under til høgre syner einsskilte skilnader for menn og kvinner. Menn spelar oftare enn kvinner på Tipping, Oddsen, Rikstoto og automatar. Kvinner kjøper oftare Flaxlodd.




⁷⁾ 85 pst av netto omsetnad er innrapportert. Uendra netto omsetnad i estimert del ville gitt total netto på 5,1 mrd.

⁸⁾ Samla gevinstprosent i innrapporterte tal blir nytta i framskriven omsetnad eller der vi berre har innrapportert netttotal.

⁹⁾ Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 1,4 – 3,2 pst for hovudfrekvensane. Feilmarginar for under-grupper er noko større.



Vår nye organisering



Frå januar 2005 vart to tilsyn samla under ein direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Stiftelsestilsynet vart organisatorisk lagt inn som ei eiga avdeling i Lotteri- og

stiftelsestilsynet. Dei andre avdelingane vart samstundes omorganisert i tråd med utviklinga i marknaden vi skal tene og forvalte.

Steinar Kvammen er borte



I desember nådde ein trist budskap oss i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Vår gode kollega Steinar Kvammen hadde gått bort. Han vart berre 34 år gammal.

Vi visste at Steinar kjempa ein kamp mot kreften, men det kom som eit sjokk på oss at han skulle gå bort så raskt.

Steinar Kvammen var høgkuleingeniør, og i tillegg hadde han teke BI-eksamen. Han starta i Lotteritilsynet 1. januar 2002 i den nyoppretta kontrollseksjonen, der

han var med og gjorde nybrottsarbeid i kontrollarbeidet.

Privat var Steinar Kvammen ein ressurs i lokalmiljøet. Mellom anna var han dirigent i to skulemusikkorps i heimkommunen Jølster.

I Lotteri- og stiftelsestilsynet vil vi minnst Steinar som ein dyktig, arbeidssam og jovial kollega som alltid var klar til sosial og kulturell innsats både i jobben og på fritida.

Rekneskapan for 2005

Rekneskapan til Lotteri- og stiftelsestilsynet gjekk i pluss i året som gjekk. Det vart brukt 53,5 millionar kroner på drift. Inntektene var på 59,1 millionar kroner inklusive lønsrefusjonar.

Sett i høve til dei gitte løyvingane i statsbudsjettet var det ei netto meirinntekt på 1,6 millionar kroner.

Løn utgjer 43,7 pst. og varer og tenester 56,3 pst av forbruket. Løn sin del av forbruket har auka med 3 pst. frå året før. Auken på løn utgjorde 1,2 millionar kroner.

Samanlikna med året før har samla forbruk gått ned med om lag 1,2 millionar kroner sjølv om forbruket på løn auka. Hovudforklaringane er mindre tenestekjøp frå Brønnøysundregistra og Statens innkrevjingsssentral (utgjer om lag 1,5 millionar kroner) og nedgang i reiseutgiftene (utgjer om lag 1,2 millionar kroner). I tillegg kjem det at vi i 2004 arrangerte årsmøte for GREF (Gaming Regulators European Forum), og brukte vel 0,5 mill. kroner på dette som vart refundert.

Avdeling for stiftelsar har vore under oppbygging i 2005 og dei første 4 faste stillingane, inklusive avdelingsleiar, er komme på plass. Leigearealet er auka for å gi plass til den nye avdelinga.

Vi har også i 2005 hatt relativt omfattande tenestekjøp hos Brønnøysundregistra (2,47 millionar kroner) og Statens innkrevjingsssentral (3,06 millionar kroner) knytt til høvesvis drift og utvikling av Lotteriregisteret og innkrevjing av gebyr. Politiets Datateneste mottar eit refusjonsbeløp for kostnader knytt til Lotteriregisteret på 190 000 kroner. Vidare er det over driftsposten betalt tilskot på 670 000 kroner til drifta av hjelpelinja for speleavhengige ved Sjukehuset Innlandet HF Sanderud.

ErgoSolutions AS er tenesteleverandør knytt til utvikling av kontrollsystema for spela ved Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Desse tenestekjøpa var i 2005 på 4,64 millionar kroner.

Ovanfor nemnde tenestekjøp, som står sentralt i høve til oppgaveporteføljen og arbeidsmåten til Lotteri- og


stiftelsestilsynet, utgjorde 37 pst. av forbruket på varer og tenester i 2005.

Det har også i 2005 blitt investert ein del i it-utstyr, anna kontorutstyr og oppgradering av systemløyningar. Mellom anna har vi innført nytt sak-/arkivsystem.

Den største inntektskomponenten for Lotteri- og stiftelsestilsynet er oppstilling av speleautomatar. Denne utgjorde vel 44 millionar kroner eller om lag 75 pst av dei totale inntektene. Årsgebyra frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto utgjorde 9,94 millionar kroner.

Stiftelsesområdet skal over tid vere sjølvfinansierande. Det er først frå 2007 ein får full effekt av den avgifts-/gebyrmodellen det er lagt opp til på dette området. I 2005 fekk vi inntekter på om lag 0,5 millionar kroner frå stiftelsane.

Frå 2005 har Lotteri- og stiftelsestilsynet hatt ansvar for å forvalte ordninga med meirverdiavgifts-kompensasjon til frivillige organisasjonar. Det vart betalt ut 176,7 millionar kroner under ordninga i 2005. Dette gjaldt kompensasjon for åra 2003 og 2004.





Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet

Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter

Løyving *	kr	53 227 000
Rekneskap	kr	53 543 000
Meirutgift	kr	316 000

*) I tillegg kjem lønsrefusjonar som følgje av fødselspermisjonar og sjukemeldingar, til saman 1,4 millionar kroner. Det er såleis eit netto mindreforbruk.

Utgifter meirverdiavgiftskompensasjon

Kap. 315, Post 70 Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar

Løyving	kr	177 759 000
Rekneskap	kr	176 669 000
Mindreutgift	kr	1 090 000

Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar

Kap. 3305, Post 02 Gebyr

Løyving	kr	46 000 000
Rekneskap	kr	47 087 000
Meirinntekt	kr	1 087 000

Kap. 3305, Post 03 Refusjon

Løyving	kr	9 940 000
Rekneskap	kr	10 154 000
Meirinntekt	kr	214 000

Kap. 3305, Post 04 Avgift, gebyr stiftelsar

Løyving	kr	2 000 000
Rekneskap	kr	497 000
Mindreinntekt	kr	1 503 000

Årsverk

Det vart i 2005 nytta 51,7 årsverk inkludert faste stillingar, vikariat og mellombelse stillingar, men fråtrekt fødselspermisjonar og langtidssjukmeldingar. Sekretariatet for Lotterinemnda kjem i tillegg. Årsverka var fordelt med 48,4 pst. kvinner og 51,6 pst. menn. I faste stillingar er det 26 kvinner og 26 menn.

	Kvinner	Menn	Sum
Direktør og Avdeling administrasjon og IT	12,0	7,2	19,2
Avdeling for informasjon og speleåtferd	1,0	3,0	4,0
Avdeling for statlege spel	5,0	2,0	7,0
Avdeling for private spel	6,0	11,4	17,4
Avdeling for stiftelsar	1,0	3,1	4,1
Sum	25,0	26,7	51,7

100 år med folkekjær kunstnar

I 2005 var det hundre år sidan Nikolai Astrup hadde si første separatutstilling. Biletkunstnaren frå Sunnfjord skulle vise seg å bli ein av våre største og mest folkekjære biletkunstnarar. Og han flytta aldri frå sitt heimlege Sunnfjord.

Sjølv om Nikolai Astrup på mange måtar var ein heimstamskunstnar, skaffa han seg eit nasjonalt ry for sine måleri og tresnitt. Basisen i kunsten var naturen i heimkommunen Jølster, og det han skapte vart sagt å vere ein utløpar av den nyromantiske kunsten.

Han voks opp som presteson på Ålhus, og her fann han mange av sine mest kjende motiv. Særleg er han kjend for sine mange måleri av jonsokbål. I alt finst det 13 kjende slike motiv som tittel både som «Jonsokbål», «St.hansbål» og «Priseld» – sistnemnde er det lokale namnet på jonsokbål.

Men Nikolai Astrup fekk også eit nært tilhøve til jorda, og dette prega også mykje av det han skapte som kunstnar. I 1914 kjøpte han eit småbruk i bratt terreng på Sandalsstrand på sørsida av Jølstravatnet. Her bygde han og kona Engel opp eit blomstrande bruk der det vart planta eksotiske blomster og planter. Særleg var Nikolai Astrup kjend for sine mange sortar rabarbra som han laga heime-laga vin av.

Kunsthistorikaren Øystein Loge er truleg den som kan mest om Nikolai Astrup som kunstnar. Han har skrive fleire bøker om målararen frå Jølster og kunsten hans, og den første boka heitte karakteristisk nok «Gartneren under regnbuen». I høve 100 års-jubileet for første separatutstillinga kom boka «Elskaren under trekrona».

I atelieret på Sandalstrand skapte Astrup mykje i siste halvdel av si karriere. I 1964 kjøpte Jølster kommune Astruptunet, som vart gjort om til eit museum som i dag også har eit galleri med originale arbeid av Astrup.


Då Nikolai Astrup hadde si første separatutstilling i Oslo i 1905, heitte det i avisa Posten:

«Nicolay Astrup heder en ung Maler, som i disse dage hos Blomquist udstiller en del Arbeider, der fortjener den største Opmerksomhed. Det er Vestlandets sære, forunderlige Natur han gir. Og i en ny form. Astrup har seet paa den med Naturbarnets glade Øine».

For ein del år sidan starta tidlegare skipsreiar Jon Christian Brynhildsen oppkjøp Astrup sin kunst her i landet. Han sat til slutt med ei stor og verdfull samling som talde i alt 1100 arbeid, mellom dei 55 oljemåleri. Hausten 2005 kjøpte sparebankstifelsen DnB Nor heile samlinga heim til Vestlandet. På den måten er ein sikker på at den svært verdfulle samlinga blir på norske hender. Astrupsamlinga skal plasserast i Bergen kunstmuseum, men det er laga klausular som gjer at delar av utstillinga skal kunna nyttast av Astruptunet.

Vi har valt å bruke kjende og kjære motiv av Nikolai Astrup som ramme for årets årsmelding i Lotteri- og stiftelses-tilsynet.

Nikolai Astrup hadde tidvis svært dårleg helse, og sleit heile livet av astma. Han døydd i 1928 i ein alder av 47 år etter at han fekk lungebetennelse under ei reise til Førde.



«Stort selvportrett»



«Kari»

www.lottstift.no



**Lotteri- og
stiftelsestilsynet**

Postboks 800 • 6805 Førde
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80
www.lottstift.no
postmottak@lottstift.no